




VEDLEGG 5:


VARIGHETSKURVER TYNJADALEN KRAFTVERK




Varighetskurver vinter (1/10 - 30/4), Tynjadalen ved inntak, 1980 - 2009
Vannføring relativ til års middel $Q = 1.27 \text{ m}^3/\text{s}$ (sesongmiddel $Q = 0.46 \text{ m}^3/\text{s}$)










VEDLEGG 6:
VARIGHETSKURVER FOSSETEIGEN KRAFTVERK

Varighetskurver sommer (1/5 - 30/9), Fosseteigen ved inntak, 1980 - 2009Vannføring relativ til års middel Q = 2.38 m³/s (sesongmiddel Q = 4.49 m³/s)

Varighetskurver vinter (1/10 - 30/4), Fosseteigen ved inntak, 1980 - 2009Vannføring relativ til års middel Q = 2.38 m³/s (sesongmiddel Q = 0.86 m³/s)


Varighetskurver, Fosseteigen ved inntak, 1980 - 2009





Varighetskurve hele året, Fosseteigen ved inntak, 1980 - 2009Vannføring relativ til årsmiddel Q = 2.38 m³/s


VEDLEGG 7:


VANNFØRINGSKURVER TYNJADALEN KRAFTVERK


















VEDLEGG 8:


VANNFØRINGSKURVER FOSSETEIGEN KRAFTVERK














VEDLEGG 9:

NETTILKNYTNING

Sweco Norge AS
Professor Brochs gate 2
7030 Trondheim



Dykkar ref:
Åshild R. Opland

Vår ref.: TWMenes
Journal nr. 11.056
Arkiv nr.: 502

Dato: 15.08.11

Vedkj. Nettilkopling for Tynjadalen og Fosseteigen Kraftverk.

Viser til Dykkar førespurnad om nettilkopling for Tynjadalen og Fosseteigen Kraftverk. Lærdal kommune har eit stort potensiale for utbygging av vasskraft, og det pågår for tida mange prosjekt som ser på moglegheita for å bygge ut forskjellige vassdrag.

Lærdal Energi AS har bestemt at ein vil sjå på bruken av nettet og eventuelle forsterkningar av dette i ein samanheng som inkluderer alle realistiske kraftprosjekt i området. Konsesjonssøknad for forsterkinga av regionalnettet er sendt NVE.

Det ein veit i dag er at regionalnettet frå Stuvane(Ljøsne) til Lo i Borgund må forsterkast ved ny kraftproduksjon då dette i dag er utnyttta maksimalt. Det er og truleg at regionalnettet frå Lærdalsøyri til Stuvane må forsterkast. Vert Tynjadalen og Fosseteigen Kraftverk realisert må ein rekna med ei oppgradering av distribusjonsnett mellom Tynjadalen og Lærdal Sekundærstasjon for uttransportering av denne produksjonen. Lærdal Energi AS antek eit anleggsbidrag for desse kraftverka på 11,1 mill.nok. Dette basert på dei opplysninga ein har pr. dd. Ein må anta eit relativt stort usikkerheitsmoment i talet.

Det må og pårekna ei oppgradering av utvekslinga mot Sentralnettet, om dette fører til økonomiske konsekvensar for produsentane veit ein ikkje sikkert, men signala frå Statnett er at dei vil stå for denne oppgraderinga.

Med helsing
Lærdal Energi

Torbjørn W. Menes
Nettsjef

Lærdal Energi AS, Postboks 94, 6886 Lærdal. Telefon: 57 66 94 00. Telefaks: 57 66 94 01. E-post: firmapost@laerdalenergi.no
Foretakregisteret NO 914078865 MVA. Konto: 3838.07.65044

Fra: Jan Ove Breingsnes [<mailto:jan.ove.breingsnes@lenergi.no>]

Sendt: 13. mai 2015 14:32

Til: Knut Skår

Kopi: Per Gullaksen

Emne: Kostnadsestimat nettilknytning Fosseteigen og Tynjadalen kraftverk

Hei

Viser til møte om ovannemde og sender følgande kostnadsestimat (alle summar i mill. kroner):

Tynjadalen åleine

Lokal tilknytning nett	0,5
Ny kabel inn til riggpass	2,5
Kabel frå riggpass inn til kraftstasjon i Tynjadalsbotnen	1,0
Oppgradering 22kV linje ned til Lærdal Sekundærstasjon (andel)	7,8
Oppgradering Regionalnett	6,0

Sum totalt

17,8

Fosseteigen åleine

Lokal tilknytning nett	0,5
Oppgradering 22kV linje ned til Lærdal Sekundærstasjon (andel)	7,8
Oppgradering Regionalnett	4,3

Sum totalt

12,6

Tynjadalen og Fosseteigen

Lokal tilknytning nett	1
Ny kabel inn til riggpass	2,5
Kabel frå riggpass inn til kraftstasjon i Tynjadalsbotnen	1,0
Oppgradering 22kV linje ned til Lærdal Sekundærstasjon (andel)	7,8
Oppgradering Regionalnett	10,3

Sum totalt

22,6

Som nemnt i møtet er dette vår beste gjetning akkurat no. Det største usikkerheitsmomentet er nok oppgradering regionalnett der me har brukt ei kostnadsfordeling basert på tidlegare oppsett med flere og større kraftstasjonar enn det det no vert.

Denne har ein utrekna kostnad regionalnett på ca 700 000,- pr. installert MW. Vårt estimat er no basert på samme prosentuell fordeling, men denne har sjølv sagt nokre «trappetrinn» som er umogleg å forutseie så lenge dei fleste utbyggjarane sit på gjerdet.

Vonar at dette var i tråd med det me avtala, viss ikkje ta kontakt.

Mvh
Lærdal Energi AS

Jan Ove Breingsnes
Nettsjef

Direkte: 93 22 38 37
e-post: jan.ove.breingsnes@lenergi.no

Lærdal Energi AS, Grandavegen 4, 6887 Lærdal, Sentralbord: 57 66 94 00,
e-post: post@lenergi.no,
Fakturaadresse: faktura@lenergi.no,
Spørsmål om kraft: kundestotte@lenergi.no, Tlf 57 66 94 10

Opland Åshild Rian

Fra: Jan Ove Breingsnes <jan.ove.breingsnes@lenergi.no>
Sendt: 24. november 2015 07:53
Til: Opland Åshild Rian
Kopi: Knut Skår; Per Gullaksen
Emne: SV: Planlagt Tynjadalen og Fosseteigen kraftverk

Hei
Lærdal energi ynskjer ikkje at denne kabelen kjem innanfor vår områdekonsesjon. Denne må difor vere ein del av anleggskonsesjonen for Tynjadalen og Fosseteigen kraftverk.

Mvh
Lærdal Energi AS

Jan Ove Breingsnes
Nettsjef

Direkte: 93 22 38 37
e-post: jan.ove.breingsnes@lenergi.no

Lærdal Energi AS, Grandavegen 4, 6887 Lærdal, Sentralbord: 57 66 94 00,
e-post: post@lenergi.no,
Fakturaadresse: faktura@lenergi.no,
Spørsmål om kraft: kundestøtte@lenergi.no, Tlf 57 66 94 10

Fra: Opland Åshild Rian [mailto:Ashild.RianOpland@sweco.no]
Sendt: 23. november 2015 13:32
Til: Jan Ove Breingsnes <jan.ove.breingsnes@lenergi.no>
Kopi: Knut Skår <knut.skar@okkenkraft.no>
Emne: Planlagt Tynjadalen og Fosseteigen kraftverk

Hei!

Som vi snakket om på telefon i dag så sender jeg deg en kort e-post i forbindelse med om det bør søkes anleggskonsesjon for planlagte Tynjadalen og Fosseteigen kraftverk. Hvis det ikke skal søkes anleggskonsesjon skrive vi i konsesjonssøknadene at jordkabelen bygges innenfor områdekonsesjon til netteier.

Hvis vi kan få et svar fra deg i morgen er det veldig fint.

Sender med et kart som viser området, se vedlegg.

Tynjadalen kraftwerk:
Installert effekt: 9,6 MW
4,6 km lang 22 kV jordkabel

Fosseteigen kraftwerk:
Installert effekt: 6,2 MW
50 m lang 22 kV jordkabel til tilknytningspunkt.

Hilsen Åshild Opland

VEDLEGG 10:

OVERSIKT OVER GRUNNEIERE OG FALLRETTIGHETSHAVERE

Tynjadalen og Fosseteigen kraftverk, berørte grunneiere og rettighetshavere

Gnr	Bnr	Eier	Adresse
13	6,7,8	Lærdal kommune	6887 Lærdal
14	1	Kari Voll	6887 Lærdal
14	2	Harald Midtvoll	6887 Lærdal
14	3	Torun Voll Elthun	6887 Lærdal
17	1	Torun Voll Elthun	6887 Lærdal
15	1	Per Ørevoll	6887 Lærdal
16	1	Anders Tønjum	6887 Lærdal
16	4,7	Martha Synnøve og Hans Oskar Tønjum	6887 Lærdal
16	5	Frida Refsum	6887 Lærdal
16	6,22	Arne Harald Tønjum	6887 Lærdal
17	3	Anne Mette Brenden	Anthon Walles vei 22, 1337 Sandvika
18	1	Opplysningsvesenets fond v/Egil K. Sundbye	Rådhusgata 1-3, 0151 Oslo

Torunn Voll Elthun har overdratt sine rettigheter til sønnen Anders Voll Elthun.

Opland Åshild Rian

Emne: oppretting kuvelda

Fra: Knut Skår [mailto:knut.skar@okkenkraft.no]

Sendt: 24. november 2015 07:50

Til: Opland Åshild Rian <Ashild.RianOpland@sweco.no>

Kopi: Klausen Torstein Rød <torstein.klausen@sweco.no>

Emne: VS: oppretting kuvelda

Så er det et spørsmål om rettighetshaver og hva dere legger i det, det er følgende personer som har retter i dalen men skal ikke bli direkte berørt av utbyggingen. Forsvaret som leier en del grunn der til anlegg for destruering av ammunisjon. Samt kontorer og bunkerser. Statens Vegvesen har en tipp fra bygging av Lærdalstunnelen som ligger på samme grunneigere, vil anta at den kan brukes for evt oveskuddsmasser + at kommunen ønsker å overta det den kan få til utbygging av et stort industriområde på Håbakken.

Jordskifteretten har ikkje fatta «rettsfastsetjande vedtak» for Tynjadalen sameige enno, men etter utkast til slikt vedtak har følgjande personar buksrettar men ikkje fallrettar i Tynjadalen sameige:

- Ola Inge Voll Lunde, gnr. 14 bnr. 4, bruksrett til støl og beite, skogteig
- Ola Inge Voll Lunde, gnr. 14 bnr. 5, bruksrett til beite, skogteig
- Ola Inge Voll Lunde, gnr. 14 bnr. 8, bruksrett til beite
- Ola Inge Voll Lunde, gnr. 14 bnr. 17, bruksrett til støl og beite
- Eivind Bruland, gnr. 15 bnr. 2, bruksrett til beite, skogteig
- Mark Raymond Brooks, gnr. 15 bnr 3, bruksrett til beite
- Odd Arve Vollheim Paaske, gnr. 16 bnr. 10, bruksrett til støl, beite og ved
- Nils Inge Hagen, gnr. 16 bnr. 17, bruksrett til beite
- Jonas Hagheim, gnr. 16 bnr. 19, bruksrett til beite
- Gjertrud Eri v/dødsbu, gnr. 16 bnr. 20, bruksrett til beite og ved

På austsida av Kuvelda er følgjande personar grunneigarar eller bruksrettshavarar:

- Ivar Petter Grøtte, gnr. 13 bnr. 1, grunneigar
- Per Ørevoll, gnr. 13 bnr. 2, grunneigar
- Ivar Petter Grøtte, gnr. 13 bnr 3, grunneigar
- Toril Tørvi og Ole Bjørn Mo Grøthe, gnr. 13 bnr 9, grunneigar
- Inge Grøthe, gnr. 13 bnr. 10, grunneigar
- Johan Grøttebø, gnr. 13 bnr. 11, bruksrett til beite
- Ola Inge Voll Lunde, gnr. 13 bnr. 13, bruksrett til beite

Her er det berre Per Ørevoll som også er falleigar sidan han også eig ein gard på vestsida, det er på hans grunn kraftverket (Fosseteigen) er planlagt, men ut frå avtalen av 1919 (der alle grunneigarane på austsida solgte fallretten) så skal han avgj grunn til kraftverket til Lærdal Kommune.

Med helsing
Okken Kraft Lærdal KF

Knut Skår


Dagleg leiar
Direkte 93223836

VEDLEGG 11:

BIOLOGISK MANGFOLDRAPPORT

Småkraftverk i Kuvelda, Lærdal kommune.

Konsekvensar for biologisk mangfald



15.11.10 (oppdatert 3.1.11)

<i>Tittel:</i> Småkraftverk i Kuvelda, Lærdal kommune. Konsekvensar for biologisk mangfald	<i>Rapportnr:</i> 12-2010
<i>Forfattere:</i> Steinar Vatne og Siri Wølneberg Bøthun	<i>Dato:</i> 15.11.2010 (Oppdatert 3.1.11)
<i>Referanse:</i> Vatne, S. og Bøthun, S. W. 2010. Småkraftverk i Kuvelda, Lærdal kommune. Konsekvensar for biologisk mangfald. <i>Aurland Naturverkstad rapport 12-2010</i>	
<i>Oppdragsgjevar:</i> Fallrettshavarane i Kuvelda v/ Lærdal kommune	<i>Kontaktperson oppdragsgjevar:</i> Lasse Sælthun
<p><i>Referat:</i> Rapporten skildrar influensområdet for den planlagde utbygginga av Tynjadalen og Fosseteigen småkraftverk i elva Kuvelda, i Lærdal kommune, Sogn og Fjordane. Det er føreteke undersøkingar av biologiske tilhøve og inngrepa sin påverknad av desse er vurdert. Arbeidet er konsentrert kring førekomst av raudlisteartar og sjeldne og/eller verdfulle naturtypar.</p>	
<i>Forsideillustasjon:</i> Stryket ned frå Trollelii. Foto: Steinar Vatne	<i>Emneord:</i> Biologisk mangfald Småkraftverk Raudlisteartar
<p><i>Produsert av:</i> Økolog Vatne Søndre Tveter 1540 Vestby Tlf.: 97716036 e-post: vatne@hotmail.com</p> <p>og</p> <p>Aurland Naturverkstad AS Postboks 27 5741 Aurland Tlf. 57633026, Fax: 57633516 e - post: post@naturverkstad.no</p>	

Forord

Føreliggjande rapport er ei utgreiing av naturtilhøva i Kuvelda-vassdraget i Tynjadalen, Lærdal kommune i Sogn og Fjordane. Utgreiinga er gjort i samband med planar om utbygging av to småkraftverk i Kuvelda. Føremålet med utgreiinga har vore å få ei oversikt over biologiske verdiar i undersøkingsområdet og gje ei vurdering av konsekvensane for biologisk mangfald ved ein eventuell utbygging.

Utgreiinga er utført av Økolog Vatne og Aurland Naturverkstad AS på oppdrag for fallrettshavarane. Rapporten er utarbeidd av Steinar Vatne og kvalitetssikra av Siri Wølneberg Bøthun. Oppdragsgjevar har vore representert ved Lærdal kommune, der prosjektansvarleg har vore Lasse Sælthun. Utgreiinga har vore gjort samstundes med utarbeiding av tekniske berekningar gjennomført av Sweco. Prosjektleiar hos Sweco har vore Tor Gjermundsen.

Steinar Vatne
Vestby, 15. november 2010

Rapporten er oppdatert i henhold til endringar i tekniske løysingar og ny raudliste for 2010 (Kålås m. fl. 2010).

Steinar Vatne
Vestby, 03.01.11

Samandrag

Bakgrunn

På oppdrag for Lærdal kommune, som representerar fallrettshavarane i elva, har Økolog Vatne og Aurland Naturverkstad AS gjennomført ei kartlegging av biologisk mangfold og potensiale for miljøverdiar i influensområdet til dei to planlagde kraftverka i Kuveldavassdraget.

Planar for utbygging

Det er planlagd bygging av to småkraftverk i Kuvelda, respektive Tynjadalen kraftverk og Fosseteigen kraftverk. Mellom dei to anlegga er det planlagt ei strekning der elva renn fritt.

Tynjadalen kraftverk har inntaksdam på kote 680, kraftstasjon er planlagd ved kote 325, kring 50m frå elva. Vassvegen er planlagd i nedgrave røyr og bora tunnel. I anleggsarbeidet vil det bli nytta eksisterande vegar, og helikopter der det ikkje finns anleggsveg. Middelvassføring er rekna til $1,26\text{ m}^3/\text{s}$, og kraftverket vil ha ein årleg produksjon på 21,3 Gwh.

Fosseteigen kraftverk har planlagd inntaksdam på kote 202 og kraftstasjon ved kote 60. Vassvegen er planlagt i nedgrave røyr langs eksisterande veg i halve strekket, og kryssar deretter elva og fortsett på sørssida av elva. Tilkomstveg til kraftstasjon er planlagd frå Grøte gard. Middelvassføring er rekna til $2,33 \text{ m}^3/\text{s}$, og kraftverket vil ha ein årleg produksjon på 16 Gwh.

Metode

Sentrale delar av metodane er henta frå Handbok 140 (Statens vegvesen 2006) og NVE veileder 3-2009 (Korbøl m. fl. 2009). Informasjon om området er samla inn ved gjennomgang av litteratur og databasar, kontakt med lokalkjende og eige feltarbeid.

Naturverdiar, konsekvensar og avbøtande tiltak

Det er registrert 8 naturtypar i influensområdet, blant dei er fem vurdert som viktige (B). Områdane dekkjar førekomstane to sterkt trua (EN) - og ein noe trua (VU) vegetasjonstype. Elleve raudlisteartar er påvist, blant dei fem sårbare (VU) lavartar. Fleire av dei raudlista lavartane er knytt til høg luftråme.

Utbygging av Tynjadalen kraftverk vil gi indirekte effekt i form av redusert vassføring som gir lågare luftråme omkring elva. Dette kan verke negativt på ein sårbar lavart. Tunnelpåhogg i bergveggen i Tynjadalsbotn vil gjere inngrep leveområde for ein sårbar lavart og i ein noe trua vegetasjonstype.

Fosseteigen kraftverk vil gi direkte negative effektar på registrerte verdiar, då redusert vassførsle vil kunne tørke ut førekomstar av elvemosevegetasjon (EN), samt fjerne fossesprøytsone i ein lokalt viktig (C) naturtype. Indirekte vil redusert vassførsle og luftråme negativt påverke førekomstane av to sårbare lavartar.

Dei to kraftverka rørar naturverdiar i strekninga frå inntaksdam i Øvre dal til eit stykke nedstrøms Fosseteigen kraftstasjon. Både Fosseteigen kraftverk og Tynjadalen kraftverk er vurdert til å få middels negativ konsekvens for biologisk mangfold.

Avbøtande tiltak er m.a. auka minstevassføring i Tynjadalen kraftverk, tilstrekkelig stor nok til å danne fosserøyk. I Fosseteigen kraftverk lyt minstevassføringa vere stor nok til at ikkje elvemosevegetasjonen tørkar ut, og for å halde luftråma høg nok for råmekrevjande lavartar.

Innhald


<i>Forord</i>	<i>iii</i>
<i>Samandrag</i>	<i>iv</i>
<i>Innhald</i>	<i>v</i>
1 Innleiing	1
2 Utbyggingsplanar og influensområde	1
3 Metode	3
3.1 Eksisterande datagrunnlag	3
3.2 Verktøy for kartlegging og verdi- og konsekvensvurdering.....	3
3.3 Feltregistreringar.....	4
4 Resultat	5
4.1 Kunnskapsstatus.....	5
4.2 Naturgrunnlag	5
4.2.1 Geologi.....	5
4.2.2 Klima	5
4.2.3 Kulturpåverknad	5
4.3 Raudlisteartar	6
4.4 Terrestrisk miljø.....	7
4.5 Akvatisk miljø	22
4.6 Konklusjon verdi	22
5 Verknader av tiltaket	22
5.1 Omfang og konsekvens	22
5.1.1 Tynjadalen kraftverk	22
Fosseteigen kraftverk.....	25
6 Avbøtande tiltak	27
7 Uvisse	27
<i>Kjelder</i>	<i>29</i>

1 Innleiing

På grunnlag av konsesjonskrava i vassressurslova er det sett fram eit generelt krav om førehandsundersøkingar med tanke på biologisk mangfald i samband med utbygging av småkraftverk. I følgje Vassressurslova § 23 kan vassdragsmynda som grunnlag for ein konsesjonsbehandling krevje: "opplysninger av søkeren og kan bestemme at søkeren skal foreta eller bekoste undersøkelser eller utredninger som trengs for å klarlegge fordeler eller ulemper av tiltaket". I fylgje brev frå Olje- og Energidepartementet til Noregs Vassdrags- og Energidirektorat av 20.02.2003 skal undersøkinga omfatte ei utsjekking av eventuelle førekommstar av artar på den norske raudlista og ei vurdering av samansethaden av artar i utbyggingsområdet.

2 Utbyggingsplanar og influensområde

Planane for utbygging omfattar to einskilde småkraftverk i Kuveldavassdraget: "Tynjadalen kraftverk" i øvre del av vassdraget og "Fosseteigen kraftverk" i nedre del (Fig. 1)



Figur 1 Planlagde kraftverk i Kuveldavassdraget: Tynjadalen kraftverk (t.v.) og Fosseteigen kraftverk (t.h.). Kart frå Sweco.

Tynjadalen kraftverk.

Det planlagde kraftverket vil nytte fallet mellom Øvredal (kote 680) og Tynjadalsbotn (kote 325), med ein fallhøgde på 355 m. Årleg produksjon vil vere på kring 21,3 GWh. Ein 5 m høg og 25 m lang dam er planlagt ved eit gjel ved stølen i Øvredal. Vassvegen frå Øvredal til Tynjadalsbotn er planlagd å gå i bora sjakt (ca. 240 m), i tunnel i berg (ca. 1130 m) og vidare i nedgrave røyr ned til kraftstasjonen (ca. 730 m). Røyrgata er planlagt å leggjast frå fjellveggen Tynjadalsbotn, ned steinura i grøft, krysse elva og vidare under eksisterande veg ned til kraftstasjonen. Kraftstasjonen er planlagd lokalisert omkring 50 m vest for elva i Tynjadalsbotn med utløp tilbake til elva. Eksisterande veg til Tynjadalsbotn er

planlagd forlenga med 65 m for tilkomst kraftstasjon. Tilkomstvegen vil da delvis ligge over rørgata (170 m). Minimum slukeevne vil verte $2,835 \text{ m}^3/\text{s}$. Planlagd minstevassføring tilsvarende 5-persentilen er h.h.v $0,05 \text{ m}^3/\text{s}$ om vinteren, og $0,27 \text{ m}^3/\text{s}$ om sommaren. Helikopter vil nyttast i anleggsfasen i samband med dambygging i Øvredal.

Om behandling av masser, foreslår Sweco følgende (i e-post 25.11.10):

"Det er forutsatt at det ikke vil bli behov for massetak i forbindelse med utbyggingen, men det vil bli tilkjørt omfyllingsmasser ved behov. Masser fra rørgrøften og boret sjakt vil bli benyttet til fyllmasser i grøften og arrondering og tilbakeføring av terreng i og langs vannveien. I strekningen over eksisterende massetipp i Tynjadalsbotnen, vil det bli benyttet overskuddsmasser til omfylling av røret. I dette partiet vil det ikke bli sprengt/gravd ut en grøft, men røret dekkes til av overskuddsmasser og bakkenivå og eksisterende vei heves 2-4 m."

Fosseteigen kraftverk


Det planlagde kraftverket vil nytte eit fall mellom kote 202 og kote 60, med fallhøgde på 142 m. Årleg produksjon vil vere ca. 15,8 GWh. Ved inntaket (kote 202) er det planlagd ein 3 m høg og 45 m lang dam. Frå inntak til kraftstasjon vil vassvegen gå i 1650 m nedgrave røyr, først langs vegen på nordvestsida av elva, krysse elva (omkring kote 130), og fortsett på søraustsida ned til kraftstasjonen. Kraftstasjonen er planlagd lokalisert på sørsida av Kuvelda nedfor Grøte bru, med tilkomstveg frå garden Grøte (omkring 400 m). Minimum slukeevne vil verte $5,24 \text{ m}^3/\text{s}$. Som minstevassføring er det planlagd å nytte 5-persentilen, dvs. $0.5 \text{ m}^3/\text{s}$ om sommaren og $0.1 \text{ m}^3/\text{s}$ om vinteren.

Nettilknytning

Frå Tynjadalen kraftstasjon er det planlagt å leggje 4,6 km jordkabel langs vegen ned til Fosseteigen kraftstasjon. Frå Fosseteigen kraftstasjon leggjast 5-10 m jordkabel fram til eksisterande luftline.

Influensområde

Som influensområde (Fig. 2) er rekna hovedelva frå planlagt inntaksdam i Øvredal til kraftstasjon ved Grøte, og vegetasjon ca. 100 m. ut frå både sider av elva. Influensområde for fysiske inngrep (vegar, røyrgater m.m.) er rekna som meir lokalt (20 m brei sone).



Figur 2 Influensområde for Tynjadalen og Fosseteigen kraftverk strekk seg fra Øvredal til Grøte. Kart modifisert med grunnlag i fylkesatlas.no.

For nærmere skildring av hydrologien og tiltaka sjå konsesjonssøknaden for Kuveldavassdraget (førebels utkast, Sweco 2010).

3 Metode

3.1 Eksisterande datagrunnlag

Datagrunnlaget for biologisk mangfold i samband med Kuveldavassdraget er basert på nettbaserte databasar, gjennomgang av litteratur og kontakt med oppdragsgivar, Lærdal kommune og lokalkjende, samt eigne synfaringar 30-31.7.10 og 26.09.10. Dei førebelse utbygningsplanane er skildra i eit kort skriv frå Sweco (2010).

3.2 Verktøy for kartlegging og verdi- og konsekvensvurdering


Kartlegging av verdifulle naturtypar og vurdering av verdi og konsekvens er gjort etter DN handbok 13 (2007) og 15 (2000) og handbok 140 frå Statens vegvesen (2006). For kartlegging av vegetasjonstypar vart Vegetasjonstyper i Norge (Fremstad 1997) nytta. Raudlisteartar følgjar gjeldande raudliste (Kålås m. fl. 2010).

3.3 Feltregistreringar

Feltregistreringane er gjort 30.07.10 (økolog Steinar Vatne og biolog Siri Wølneberg Bøthun) og tilleggssynfaringar 31.07.10 og 26.09.10 (Vatne). Influensområda for dei to kraftverka vart befart på både sider av elva. Trasè for planlagd tilkomstveg mellom Grøte gard og Fosseteigen kraftverk er ikkje befart, då planane for tilkomstvegen vart endra etter feltarbeid. Det blei lagt vekt på kartlegginga av lav, mosar og karplantar. For aktuelle ruter, sjå fig. 3. Den 25.05.10 var me på synfaring saman med Lasse Sælthun (Lærdal kommune), Per Øvrevoll (grunneigar) og Tor Gjermundsen (Sweco), for å bli orientert om planane for kraftverka.

Tidspunkt for feltarbeidet gir eit godt grunnlag for å fange opp karplantar som blømer på seinsommaren. Under dei tre feltdagane var vassføringa høg, og det regna ein del. Innsamling av elvemosar blei derfor hovudsakeleg gjort i elvekanten, men også noko midt i elvestrengen. Det var elles gode høve til registreringar av lav og mosar. Artsbestemming av lav er utført av Steinar Vatne og raudlisteartar er innsendt til Lavherbariet v/Einar Timdal, Naturhistorisk Museum, Oslo. Artsbestemming av mosar er utført av Arne Pedersen.

Det er ikkje gjennomført prøvefiske, men me vart etter feltarbeid informert om ei aurestamme i Kuvelda. Me tilrår difor at det blir utført prøvefiske som tilleggsundersøking.



Figur 3 Synfaringsruter langs Kuvelda, kartlegging av biologisk mangfald i influensområda. Kart modifisert med grunnlag i fylkesatlas.no.

4 Resultat

4.1 Kunnskapsstatus

Kunnskapsstatus før feltarbeidet i 2010 var middels godt, men lite detaljert med tanke på det store influensområdet. Det er tidlegare gjort nokre studiar av kulturlandskapet i munningen av Tynjadalen og ei vurdering av naturgrunnlaget i området, men få registrerte artar og viktige naturtypar.

Etter feltarbeid i 2010 er kunnskapsstatus betra til eit dugeleg nivå. Verdien av bekkekløfter elvedrag og skogstypar har auka i forhold til tidlegare vurderingar på grunn av meir detaljerte undersøkingar. Bratte bergveggar og bekkekløfter, samt midtre delar av elva burde ha vore betre kartlagt, men var under feltarbeid vanskeleg tilgjengelege. I eit såpass stort undersøkingsområde må det meir tid til for å kunne betrakte kunnskapsstatus som fullgodt. Kunnskapsstatus vurderast som relativt god for karplantar, mosar og lav, medan det er dårlig kunnskap om fugl, sopp, insekt og akvatiske organismar.

4.2 Naturgrunnlag

4.2.1 Geologi

Berggrunnen i området er hovudsakeleg gamle, lite omdanna bergartar. I Tynjadalen inn til Tynjadalsbotn er bergrunnen av kvartsmonzonitt, medan det frå bergveggen i Tynjadalsbotn og opp Øvre dal er migmatittisk gneis (NGU 2010). I fjellområda sør for Øvre dal er bergrunnen samansatt av ulike bergartar, deriblant glimmerskifer, fyllitt, kalkspat og kalkstein. Ein del kampesteinar nedover dalføret ser ut til å komme herifrå.

4.2.2 Klima

Vegetasjonssonene i Lærdal kommune går frå sør boreal til alpin, og er i overgangen mellom kontinentale og oseaniske seksjonar. Skoggrensa ligg på kring 1000 moh. Klimaet i Lærdal er prega av låge nedbørsmengder og høvesvis milde vintrar. Årleg nedbør i lågareliggende strøk er på omlag 500-600 mm, og aukar opp mot fjellet. Gjennomsnittleg årstemperatur på 8-6°C, noko lågare i høgareliggende område.

4.2.3 Kulturpåverknad

Store delar av influensområdet må seiast å vere kulturpåverka. Det ligg fleire små og større stølvollar i Tynjadalen med sel eller restar av grunnmurar. Det er i sommarhalvåret kring 50 sau på beite i dalen (Per Ørevoll pers. medd.). Med unntak av stølen midt i Tynjadalen, er det eit lågt beitepress, og dei fleste stølvollane er i gjengroing. Skogsområda blir beita, men ikkje nok til å halde vegetasjonen nede. Dalen har tidlegare vore meir open p.g.a. beite, slått og vedhogst. Halabrekka og Fosseteigen ved munninga av Tynjadalen er i relativt god hevd. Store delar av bjørkehagane og slåttemarka er rydda i nyare tid, og blir til ein viss grad halde open av sau. Indre delar av Fosseteigen er sterkt gjengrodd, og går over i eldre gråorskog. Ei vatningsveit er leda ut frå Kuvelda ved Halabrekka, og renner nordover mot Ørevoll.

På austsida av Kuvelda går ein sti frå Fosseteigen innover dalen. Stien fortsetter som traktorveg frå bruhaugen i Tynjadalsbotn opp mot Trollelii. Herifrå går ein sti innover Øvre dal til stølen og opp mot fjellet.

I nyare tid er det gjort ein del tekniske inngrep langs Kuvelda. Ein veg frå Ørevoll går inn til Tynjadalsbotn. Fleire militæranlegg ligg langsmed denne vegen. To korte parti på vestsida av elva er

flomsikra med steinmur. Nedafor brua ved Grøte er elva også flomsikra i nyare tid. Ein svær tipplass for Stein teke ut ved bygging av Lærdalstunnelen er det største synlege inngrepet i dalen. Tre bruer kryssar elva; ved Grøte, ved anlegget i Tynjadalsbotn og ei gangbru ved Trollelii.

4.3 Raudlisteartar

Totalt 11 raudlisteartar er registrert i utgreiingsområdet (Tabell 1). Fem av desse (alle lavar) er rekna som sårbar (VU). Sju er nye funn frå eige felter arbeid, medan fire av dei er funne tidlegare: brun punktlav *Punctelia stictica* (VU) (gjenfunn), eikelav *Flavoparmelia caperata* (NT) (gjenfunn), kongeørn *Aquila chrysaetos* (NT) og semska raudskivesopp *Entoloma jubatum* (NT).


Tabell 1. Tabell over raudlista artar innan utgreiingsområdet registrert under felter arbeid 30-31.07.10, samt tidlegare funn av raudlisteartar. Raudlistevurdering følgjar Kålås m. fl. (2010).

Artsgruppe	Art	Raudliste-kategori	Tal p. funn			Ækologi	Funndato
			Tynjad.	Midtre del	Fosset.		
Lav	Praktlav <i>Cetrelia olivetorum</i>	VU		4	14	Stein og gamle bjørketre	30-31.07.10
	Brun punktlav <i>Punctelia stictica</i>	VU		2		Kalkrike steiner i beitemark	31.07.10
	Hodeskoddelav <i>Menegazzia terebrata</i>	VU			1	Gammal selje	31.07.10
	Rimrosett lav <i>Physcia magnussonii</i>	VU	1			Kalkrik bergvegg	31.07.10
	Flatsaltlav <i>Stereocaulon coniophyllum</i>	VU	4			Stein i og ved fossen	30-31.07.10
	Kort trollskjegg <i>Bryoria bicolor</i>	NT		>50, vanleg i alle delar		Stein i og ved elva	30-31.07.10
	Eikelav <i>Flavoparmelia caperata</i>	NT			20	Stein, gamle bjørk og selje	31.07.10
	Olivenfiltlav <i>Fuscopannaria mediterranea</i>	NT	1			Kalkrik, skoggefull bergveg	31.07.10
Karplanter	Alm <i>Ulmus glabra</i>	NT			1	Skog rasmark	31.07.10
			Observasjonssted		Referanse		
Sopp	Semska raudskivesopp <i>Entoloma jubatum</i>	NT	Halabrekka		Jordal og Gaarder 1995		
Fugl	Kongeørn <i>Aquila chrysaetos</i>	NT	Tynjadalen		http://artskart.artsdatabanken.no/		

Flatsaltlav *Stereocaulon coniophyllum*, hodeskoddelav *Menegazzia terebrata*, praktlav *Cetrelia olivetorum* og kort trollskjegg *Bryoria bicolor* er knytt til miljø med høg luftråme. Flatsaltlav vart funne fire plassar langs elva mellom kote 600 og kote 450 (Lokalitet 2). Den finnes først og fremst på stein eller berg i bekkeklofter i spraysona frå fossar eller langs elver, og er sårbar for vassdragsendringar. Flatsaltlav er ikkje tidlegare registrert i Lærdal kommune. Det er sannsynleg at rimrosett lav *Physcia magnussonii*, olivenfiltlav *Fuscopannaria mediterranea*, hodeskoddelav og flatsaltlav også finst utanfor registrerte lokalitetar (Tabell 1, Fig. 4). Praktlav, eikelav, brun punktlav *Punctelia stictica* og kort trollskjegg er i motsetjing meir iaugefallande, og kartlegginga vurderast som god. Semska raudskivesopp *Entoloma jubatum* er ein beitemarkssopp registrert på Halabrekka, men førekomensten er ikkje detaljert kartfesta (Jordal og Gaarder 1995). Kongeørn *Aquila chrysaetos* er registrert overflygande og det er uvisst om den hekkar i Tynjadalen.

Potensielle raudlisteartar

Mosen Fjordknausing *Grimmia laevigata* (VU) er tidlegare registrert frå Lærdal på stein og berg i opent kulturlandskap (Artsdatabanken 2010), og det er såleis eit potensiale for arten på soleksponerte steinar i Tynjadalen. Strykmose *Cinclidotus fontinaloides*, ein elvemose raudlista som kritisk trua (CR), er tidlegare funne i Lærdalsvassdraget (Artsdatabanken 2010), men då dette er eit svært gammalt funn (1839) er det uvisst om den framleis finns i kommunen, og om Kuvelda er ein god elv for mosen. Håkurlemose *Didymodon icmadophilus* (DD) er funne frå fleire plassar ved Lærdalselva på 1880-talet. Reelle truslar er vasskraftutbygging og andre endringar i vassføringa (Artsdatabanken 2010). Fjordbarkssopp *Porostereum spadiceum* (VU) er tidlegare registrert på gråor ved Tønjum (Soppdatabase 2010). Lokalitetten er så nær Tynjadalen, at det er potensiale for førekomstar i gråorskogane langsmed Kuvelda.



Figur 4 Kartfesting av påviste raudlisteartar. Unnateke kongeørn, som er registrert overflygande i Tynjadalen.
Kart modifisert med grunnlag i fylkesatlas.no.

4.4 Terrestrisk miljø

Verdifulle naturtypar

To verdifulle naturtypar er tidlegare registrert i Naturbase, og fem nye lokalitetar vart registrert under feltarbeid. Influensområdet til Fosseteigen kraftverk omfattar fire av desse lokalitetane, medan influensområdet til Tynjadalen kraftverk omfattar tre lokalitetar. Naturtypane inngår i hovudnaturtypane "skog" (3), "kulturlandskap" (3) og "ferskvann/våtmark" (2) etter DN håndbok 13 (2006).

FOSSETEIGEN

Naturtype: Hagemark D05
Verdi: B - viktig
Registrant: Leif Hauge
Dato: 01.08.07

Lokalitetsskildring frå Naturbase

"Innledning: Data frå kartlegging av biologisk mangfold i jordbruks kulturlandskap i Sogn og Fjordane. Beliggenhet og naturgrunnlag: Fosseteigen ligg langs ein stor grusterrasse i munningen av Tynjadalen i Lærdal kommune. Hagemarka er tilgjengeleg gjennom fylkes- og gardsveg frå E-16, rundt 9 km aust for Lærdal sentrum. Gjennom bjørkehagen går ein opparbeidd, delvis oppmurt kjerreveg. Stadvis er grensegjerde og enger avgrensa av steingardar. Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: - Artsmangfold: Vanlege grasartar på turrare grunn er smyle (*Deschampsia flexuosa*), engvein (*Agrostis capillaris*), lundrapp (*Poa nemoralis*), sauesvingel (*Festuca ovina*), gulaks (*Anthoxanthum odoratum*), hårfrytle (*Luzula pilosa*) og engfrytle (*Luzula multiflora*). På skrint underlag, spesielt langs terrassekanten, veks vanlege skogsartar som blåklokke (*Campanula rotundifolia*), markjordbær (*Fragaria vesca*), legeveronika (*Veronica officinalis*), tveskjeggveronika (*Veronica chamaedrys*), kattefot (*Antennaria dioica*), ryllik (*Achillea millefolium*), stankstorkenebb (*Geranium robertianum*), vanleg arve (*Cerastium fontanum*), gullris (*Solidago virgaurea*), småmarimjelle (*Melampyrum sylvaticum*), og stadvis tytebær (*Vaccinium vitis-idaea*) og fugletelg (*Gymnocarpium dryopteris*). Etasjehusmose (*Hylocomium splendens*), engkransemose (*Rhytidadelphus squarrosus*) og furumose (*Pleurozium schreberi*) er dominerande i botnsjiktet. På opne flater med noko meir organisk jordlag er gras- og urtefloraen rikare med innslag av t.d. dunhavre (*Avenula pubescens*), hundegras (*Dactylis glomerata*), engrapp (*Poa pratensis*), skjerm sveve (*Hieracium umbellatum*), gulmaure (*Galium verum*), kvitkløver (*Trifolium repens*), raudkløver (*Trifolium pratense*), engfiol (*Viola canina*), gjeldkarve (*Pimpinella saxifraga*), engsyre (*Rumex acetosa*) og engsmelle (*Silene vulgaris*). Desse friskare engene vart nok tidlegare både slått og beita. På fuktugare parti på terrasseflata og i overgangen mot dalbotnen finst større og mindre areal med meir storvaksne urter som vendelrot (*Valeriana sambucifolia*), skogstorkenebb (*Geranium sylvaticum*), hundekjeks (*Anthriscus sylvestris*) bringebær (*Rubus idaeus*), mjødurt (*Filipendula ulmaria*) og nesle (*Urtica dioica*). Bruk, tilstand og påvirkning: Bjørkehagen er dominert av vanleg bjørk (*Betula pubescens*), men her er også ein god del hengjebjørk (*Betula pendula*). Den kan stadvis ha høgt innslag av einer (*Juniperus communis*). Nesten alle bjørkene har spor etter lauving, men har endra noko form med auka vekst i hovudgreiner i staden for sidegreiner. Stadvis er greinvirket utvikla etter siste lauving dominerande. Dei aller fleste trea er vitale utan teikn til rotning, men her er ein del rotvelt i samband med vinterstormar. I tilknyting til hagemarka ligg ulike tekniske anlegg. Den opparbeidde veggen gjennom hagemarka fører innover Tynjadalen og var stølsvegen for mange bruk på Grøtte. Langs vegen er det murar av ulike slag, som langsgåande steingardar på begge sider av stølsvegen eller som tversgåande grensegjerde. Her er og murar etter ulike hus, spesielt små løer i tilknyting til rydda slåtteteigar i tilknyting til bjørkehagen. Framleis går det to løypestrenger frå lia ovanfor bjørkehagen med løypestrengfeste ved stølsvegen. Bjørkehagar er typiske kulturmarkstypar for Lærdal. Bjørkehagen på Fosseteigen viser attende på intensiv utnytting av marginale jordbruksressursar. Plassering på ein lågproduktiv grusterrasse, dels og rasmark, er typisk. Hagemarksområdet vart både nytt til lauvsank, slått og til beite. I tilknyting til området er og ulike tekniske anlegg som husgrunnar, steingardar og løypestrenger. Ein stadvis oppmurt veg fører inn gjennom bjørkehagen og inn til stølsområda i Tynjadalen. Området har stor eigenverdi og eignar seg godt for rekreasjon og friluftsliv. Fremmede arter: - Skjøtsel og hensyn: - Del av helhetlig landskap: - Verdibegrunnelse: Autentisk bjørkehage i relativt god hevd. Noko uttak av ved, helst i samband med rotvelt. (...)" Direktoratet for naturforvaltning (2010)

Eikelav (NT) vart funne i stort tal på gamle bjørketre innan og i utkanten av Fosseteigen under feltarbeid 2010. Nokre vanlege beitemarkssoppar er registrert av Jordal og Gaarder (1995).

HALABREKKA

Naturtype: Hagemark D05
Verdi: B - viktig
Registrant: Hauge og Austad (2002)
Dato: 06.09.02

Lokalitetsskildring frå Naturbase

"Heilskapleg kulturlandskap. Gamle enger og bjørkehagar i områda omkring. Bjørkehagane er ikkje nyitta sidan 1940 åra, men eit lite område vart styva i 1993. Jordsmonnet i hagane er skrint, med mykje stein. Feltsjiktet er likevel tett og grasdominert, med mykje smyle. Det er funne noko beitemarkssopp i bjørkahagen og på enga kring husmannsplassen (Jordal og Gaarder 1995). På lokaliteten finn ein og beitemarker på sletta nedanfor sjølve Halabrekka. Der er det funne nokre fleire beitemarkssopp. Hauge og Austad (1989) skildrar areal som er inngjerda mot sau, der ein finn meir slåtteprega plantsamansetjing. Desse gjerda er no vekke (2002) og vegetasjonen har det same beitepreget over det heile. Området vert framleis beita av sau på forsommaren og hausten. Lokaliteten vert vurdert til verdiklasse B, verdifull, grunna funna av beitemarkssopp. Området bør forstatt beitast. Ein bør unngå gjødsling. Fortsatt tilbakeskjering av dei trea ein byrja å skjøtte i 1993 er å tilrå. Dersom ein ynskjer å restaurere nokre av slåtteengene vil ein trenge inngjerding mot sau og slått to gongar i året." (Direktoratet for naturforvaltning 2010).

Eikelav (NT) er tidlegare registrert frå Halabrekka (Artsdatabanken 2010) og vart gjenfunne under feltarbeid. Praktlav (VU) og kort trollskjegg (NT) påvist under feltarbeidet, er nye for området.

Lokalitet 1 HOLKEPERHAGEN

Naturtype: Slåtteeng
Verdi: C – lokalt viktig
Registrert av: Steinar Vatne / Siri W. Bøthun
Reg. dato: 31.07.10



Figur 5 Avgrensing av naturtype Lokalitet 1 Holkeperhagen. Lokaliteten ligg på sør-austsida av Kuvelda. Til høgre på kartet ligg naturtypelokalitane Fosseteigen og Halabrekka (grøn avgrensing). Kart modifisert med grunnlag i fylkesatlas.no. Til høgre: Utsnitt frå enga med dunhavre og raudknapp.

Langs austsida av elva ligg det i nedre delar restar av gammal slåtteeng i ulike stadie av gjengroing. Lokaliteten ligg her, på eit framleis ope areal. Enga er grasdominert, og beite har vore den siste skjøtselsformen i enga. Arealet har tidlegare vore slåtteeng. Vedartar kryp inn frå sidene, og har nokre stader byrja å slå opp inne i enga. Mot elva er ei smal kantsone med gråor. Dominerande

grasart er dunhavre. Elles finst nokre typiske urter knytt til eng, som gulmaure, ryllik, blåklokke, og raudknapp. Skogstorknebb finst også. Dunhavreeng er en trua vegetasjonstype (EN). Lokaliteten får likevel ikkje høgare verdi en C då enga hadde eit lågt innhald av urter til å være ei slåtteeng (truleg grunna beitebruk etter opphør av slått) og av di det ikkje vart påvist nokon av dei meir sjeldsynte artane som gir dunhavreeng sin høge verdi i biologisk mangfaldsamanheng. Det er berre sjølve dominansen av dunhavre som gjev enga botanisk verdi. Det vart observert mykje insekt, m.a. sommarfuglar og snylteveps i enga under synfaringa. Om riktig skjøtsel opptas (slått), vil engas verdi over tid få ein auka verdi.

Lokalitet 2 GAMLESTØL

Naturtype: Gammal lauvskog F07
Verdi: B - viktig
Registrert av: Steinar Vatne / Siri W. Bøthun
Reg. dato: 31.07.10

Lokalitetsskildring

Gamlestøl (Figur 5) omfattar eit smalt parti med godt utvikla eldre lauvskog på sør-austsida av elva Kuvelda. Området er avgrensa av elva Kuvelda i vest, ei steinur i sør. Berggrunnen i området er hovudsakelig sure bergartar, men vegetasjonen er prega av eit visst kalkinnhald. Lokaliteten er vendt mot nordvest. Lokaliteten består av flaummarkskog dominert av grår, og omfattar flaumpåverka område langsmed elva med kulpar og sumpskog og små sidebekkar som berre har vassføring i flaumperiodar. Elva og hellinga medverkar til høg, stabil luftråme. Naturtypen er satt til eldre lauvskog, men kan delast som "gråor-heggeskog" i mosaikk med "hagemark". Hagemarkspreget er ei forlenging av den tidlegare registrerte naturtypelokaliteten "Fosseteigen".


Gråorskogen er utprega fuktig med ein frodig høgstaudevegetasjon med dominerande artar som brennesle, mjødurt og tyrihjelm. Stadvis er eldre bjørketre (tidlegare styva), samt selje og hegg innblanda.

Langsmed elva veks praktlav (VU) på fem eldre gråorstammar. Hodeskoddelay (VU) veks på ei gammal selje i hagemarka. Det vart ikkje undersøkt om arten har førekommstar i gråorskogen. På steinblokkar i utkanten av lokaliteten finns store populasjonar av kort trollskjegg (NT). Vanligare lavartar var skrubbenever, skjellnål (høgstubber), gullnål (på bjørk) og *Stenocybe pullatula* (på daude gråorkvistar). Mykje daud ved blir truleg tilført i flaumperiodar og gir eit inntrykk av kontinuitet i daud ved, men ingen spesielt sjeldsynte råtevedmosar vart funne. Det er derimot eit godt potensiale for vedlevande sopp på gråor, bl.a. fjordborksopp *Porostereum spadiceum* (VU) som er registrert i nærleiken (Soppdatabase 2010).

Delar av området er ein gammal bjørkehage med steinmurar og smale kjerrevegar. Midt i lokaliteten finns ei gammal hustuft (Gamlestøl). Store delar av skogsområda har tidlegare vore meir opent pga stølsdrift. Det går ein sti gjennom skogen og området blir nytta til beite for sau. Beitetrykket er lågt.

Det er positivt om bjørkehagen haldes meir open, men lysopning og beskjæring lyt skje gradvis over fleire år. Elles er det best for naturverdiane at skogen får utvikle seg fritt.

Gråorskogen på lokaliteten skil seg ut frå annan eldre gråorskog langs Kuvelda, då den er spesielt godt utvikla med tanke på sjiktning og daud ved. Trea er her grovare, og det er store mengde daud ved i grove dimensjonar. Fleire høgstubar av gråor er kring 45 cm i diameter. Lokaliteten har først og fremst verdi som habitat for to sårbare lavartar, og har stort potensiale for sopp, insekt og mosar knytt til daud ved. Verdien blir difor satt til B-viktig.



Figur 6 Avgrensing av naturtype Lokalitet 2 Gamlestøl. Lokaliteten er situert på sør-austsida av Kuvælda. Øvst til høgre skimtast naturtypelokaliteten Fosseteigen (grøn avgrensing). Kart modifisert med grunnlag i fylkesatlas.no.

Lokalitet 3 TROLLELII-TYNJADALSBOTN

Naturtype: Bekkekløft og bergvegg F09
Verdi: B - viktig
Registrert av: Steinar Vatne / Siri W. Bøthun
Reg. dato: 31.07.10

Lokalitetsskildring

Markert, nordvendt bekkekløft frå Trollelii til Tynjadalsbotn med tilhøyrande bergveggar (Fig. 6). Kløfta er svært variert med bratte bergveggar, store steinblokkar, ur og skrentar. Elva renner i fleire små fall som dannar fosserøyk, lokaliteten inneheld fleire soner som også klassifiserar som naturtype fosseeng.

Kløfta er stort sett lite tresett, men med parti av glissen eldre bjørkeskog og raspåvirka gråorskog i øvre del. Då elva er svært bratt på strekninga, og både elveleie og sidene er prega av ras, finst svært få gamle tre, og elles berre spreidde tre langs elvekanten. Med unntak av enkelte blankskurte stammar som ligg i bekken er det sparsamt med daud ved, særlig av grovare dimensjonar.

Viktige element i bekkekløfta er bergveggar, små fossar og fall, eldre lauvtre, rasmark og blokkmark. Øvst i kløfta går ein gamal bru over elva og ein smal traktorveg kommer inn i lokaliteten i øvre del. Dei påviste verdiane er særlig knytt til jamne fukttilhøve langs sidene til elva, høg luftråme i fosserøyksona, og skyggefulle bergveggar med eit visst kalkinnhald.

Fire raudlista lavartar er registrert frå området. Flatsaltlav (VU) veks på bergveggar og større steinar i bekkekløfta, ofte saman med kort trollskjegg (NT). Flatsaltlav er råmekrevjande og sårbar for endringar i luftråme. Olivenfiltlav (NT) og rimrosettlav (VU) veks på nordvendte, kalkhaldige

bergveggar. Lungeneversamfunnet er elles middels godt utvikla på bergveggar og enkelte eldre lauvtre.

Langs elva er ei fuktpåverka sone med fosseengvegetasjon, med mange sildreartar og eit høgt innslag for fjellplanter (noko som er typisk for fosseengvegetasjon). Vegetasjonstypen fosse-eng er raudlista som noe trua (VU). Floraen syner og teikn på kalkhaldig substrat. Noterte artar: fjellsyre, stjernesildre, raudsildre, snøsildre, bergfrue, tuesildre, bekkesildre, rosenrot, skjørlok, fjellrapp, fjelltistel, vanlig arve, fjellskrinneblom og aurskrinneblom. Lavarten kalknever *Peltigera venosa* bekreftar kalkinnhaldet.

Lokaliteten er truleg hekkeplass for fossekall.

Lokaliteten har biologiske verdiar knytt til høg luftråme og kalkhaldige bergveggar. Med bakgrunn i velutvikla fossengvegetasjon (VU) og raudlisteartane påvist på staden blir verdien satt til B-viktig.



Figur 7 Til venstre: Avgrensing av naturtype, Lokalitet 3 (bekkekløft). Lokaliteten er situert mellom Trollelli og Tynjadalsbotn. Kartet er modifisert med grunnlag i fylkesatlas.no. Til høgre: parti frå bekkekløfta med tydelig fosserøyk. Foto: S. Vatne

Lokalitet 4 TRODLELIHOLET

Naturtype: Bekkekløft F09
Verdi: B - viktig
Registrert av: Steinar Vatne / Siri W. Bøthun
Reg. dato: 31.07.10

Lokalitetsskildring

Markert bekkekløft i Kuvelda nedafor stølen i Øvreldal. Kløfta er ca. 300 m lang med overhengande bergveggar på austsida og sigpåverka vegetasjon på vestsida. Elva renner høvesvis roleg gjennom gjelet, utan preg av fosserøyk. Kløfta er nordvendt og beskytta av bergveggar, dels også av bjørkeskogen. Dette gjev eit grunnlag for stabil høg luftråme.

Vegetasjonen er i området generelt prega av (oppheort) stølsdrift. På nedsida av-, og dels i nedre delar av kløfta, er vegetasjonen sterkt kulturpåverka (beiteskog og tresett beitemark øvst, glidande over mot meir open slåttemark lengre ned) på begge sidar av elva, og ovanfor kløfta ligg ein støl med kulturprega, framleis open stølsvoll på austsida av elva. Nede i kløfta har beitepresset vore lågt, jo lengre inn i kløfta ein kjem jo mindre er beitepreget i feltsjiktet.

Dominerande skogstype er småbregnebjørkeskog av høvesvis ung alder. Bjørk er det dominante treslaget, men langs bergveggjar og i småkløfter veks ein del yngre rogn. Feltsjiktet har gras og urter, typiske artar notert: hengeving, fugletegl, haremat, blårapp, sølvbunke (spreidd vekst, ikkje typiske beitetuer), rosenrot, arve, stjernesildre, kvitmaure, gulmaure, engfrytle. Nokre noterte artar tyder på middels baserik grunn: fjellfrøstjerne, svarttopp, fjelllistel, raudsildre, og svartstorr. Nede langs elva står nokre parti med innslag av høgstaudeskog. Her veks artar som skogrøyrkvein, kvann, vendelrot, enghumleblom, skogstorknebb, mjødurt, strutseving, og tyrihjelm.

Kort trollskjegg (NT) veks her på berg og steinar på både sider av elva. Dei overhengande bergveggane ser ut til å ha ein kalkkrevjande skorpelavflora, med artar innan slektene *Caloplaca*, *Acarospora* og *Lecidea* (ikkje bestemt til art).

Bekkeklofta får verdi B grunna gode førekommstar av bergveggjar og eit stort potensiale for krevjande artar av mosar, lav og karplantar på overhengande berg og sigspåvirka bergveggjar.



Figur 8 Til venstre: Avgrensing av naturtype, Lokalitet 4 Trodleliholet (bekkekloft). Lokaliteten ligg langs Kuvelda i Øvre dal. Kartet er modifisert med grunnlag i fylkesatlas.no. Til høgre: overhengande bergveggjar i bekkeklofta. Foto: S. Vatne.

Lokalitet 5 KUVELDA

Naturtype:	Viktig bekkedrag E06
Verdi:	C – viktig
Registrert av:	Steinar Vatne / Siri W. Bøthun
Reg. Dato:	31.07.10

Lokalitetsskildring

Kuveldal (Fig. 8) er eit sidevassdrag til Lærdalselva. Lokaliteten er avgrensa til eit forhaldsvis rolig strekk frå stølen i Tynjadalen (kote 305) til litt nedover bruva ved Grøte (kote 60), ca 4 km langt. Det er

hovudsakeleg sure bergartar i dette strekket, men dreneringsområdet (fjellområde) har eit større innslag av kalkhaldig stein. Elva renn gjennom meir eller mindre flaumpåverka gråorskog, og kortare strekk open kulturmark. Kantonene er intakte med unntak av nokre steinsette parti (bru og flaumsikring). Elles er sjølve elvestrengen lite påverka av tekniske inngrep.

Elvemosetegetasjon finns i store delar av strekninga, men i ulike gradar av utvikling. Vegetasjonstypen er rekna som sterkt trua (EN) på sørlandet og vestlandet (Fremstad 2001) og er sårbar for vassdragsendringar. Påviste elvemosar er kjølevemose *Fontinalis antipyretica*, bekketvibadmose *Scapania undulata* og rødmesigmose *Blindia acuta*. Samansetninga av artar er ikkje grundig kartlagt, men bør undersøkast meir detaljert. Potensiell lokalitet for raudlisteartane strykmoser *Cinclidotus fontinaloides* (CR) og hårkurlemose *Didymodon icmadophilus* (DD), som tidlegare er funne hhv. i og ved Lærdalselva (Mosedatabase 2010).

I følgje lokalkjend (Per Tørnjum pers. medd.) er det ein aurestamme i elva. Nedre delar av Kuvelda er viktig som gyte- og oppvekstelv i samband med Lærdalselva. Laks finns truleg berre i nedre del (Brabrand et al 2005), opp til fossen ved Grøte. Det lyt utførast prøvefiske om det er ynskjeleg å betre kunnskapen om fiskebestandane.


Elvemosesamfunn er mindre sjeldsynt jo lengre aust ein kjem. Vegetasjonstypen er også påvist i Sogndalselva (Bøthun 2007). Sjølv om desse lokalitetane ligg på vestlandet ligg dei langt inne i landet, og er i grensesona for område som har vore påverka av sur nedbør. Forsuring er ikkje eit miljøproblem i desse områda i dag. Det aktuelle elvemosesamfunnet er velutvikla og lokaliteten strekk seg langt.

Omtalen i Sogndalsrapporten:

"I ein NIVA rapport frå 1996 vert område med skadar på fiskebestandar og område med overskriden tålegrense for forsuring kartfesta i grov målestokk (basert på datainnsamling på 14 x 14 km store ruter). Sogndal ligg like utanfor skadeområdet for forsuring (Henriksen et al. 1996). pH i vatn i Sogndal og elvar i nærliken (Lærdalselvi, Kaupangerelvi) teke av fylkesmannen på 2000 talet syner pH verdiar over 6 ½ (miljøstatus i Sogn og Fjordane). I Sogndalselvi har ein offisielle målingar på miljøstatus i serie frå 1998 til 2003, tekne ved Lægreidsbrua (ikkje så langt over utosen til elva). Lågaste måling i serien er pH 6,5 (kategori "god") på ei måling i 2002, elles ligg alle målingar mellom 6,6 og 6,9 (kategori "svært god"). Forsuringstilstanden i Sogndal og nabokommunane er på miljøstatus for Noreg (www.miljostatus.no, mappe kart og miljødata) klassifisert som god eller mindre god i lågareliggende strok. I fjellet finst og nokre punkt med kategori dårlig (fordelt på god, mindre god og dårlig). Oversikta er basert på høvesvis få punkt. Med bakgrunn i dette bør ikkje Sogndalselva få alminneleg status som naturtype "Ikkje forsura restområde" (naturtype i DN handbok 13). Ein viss verdi vil lokalitetane ha, sjølv om tilsvarende samfunn ville verte tillagt høgare verdi lengre ut mot kysten. Elvemosar er artar som er lite registrert i fylket. Kjølevemose har to tidlegare registrerte lokalitetar i Sogn og Fjordane og evjelevemose har ingen funn i fylket. Duskelvemose er registrert på 1 lokalitet i fylket (2 funn i Gauldal (samme vassdrag).

Strekninga har to påviste lokalitetar med elvemosesamfunn. Elva ligg i grensa til området der slike bør verdsettast som verdifulle. Elvemose er regionalt sjeldsynt og vert tillagt ein viss verdi. Ein har noko forsuring også i indre Sogn, lokalitetane vert difor vurderte som **lokalt verdifulle (C)** etter DN handbok 13. Svartorførekomsten vert vurdert til å vere for liten til å verdsettast som eigen lokalitet av verdi for biologisk mangfald."

Kuvelda får verdi C – lokalt viktig, grunna førekomst av elvemosetegetasjon og godt utvikla kantonar.



Figur 9 Til venstre: Kartfesting av naturtype, Lokalitet 6, "Kuvelda" (blå strek). Kart modifisert med grunnlag i fylkesatlas.no. Til høgre: parti frå Kuvelda med synleg elvemosetegetasjon og open hagemark med gamle styva bjørketrær. Foto: S. Vatne

Lokalitet 6 "GRØTE FOSS"

Naturtype: Fossesprøtsone E05
 Verdi: C – lokalt viktig
 Registrert av: Steinar Vatne / Siri W. Bøthun
 Reg. dato: 31.07.10

Lokalitetsskildring

Eit mindre fall på kring 2,5 m i Kuvelda, rett ovafor bru ved Grøte. Lokaliteten strekk seg frå fossen og ned til steinmurane til bruhaugen. Fossen er godt beskytta av gråorskogen omkring, som saman med fosserøyken dannar eit fuktig, stabilt mikroklima. Fosserøyken strakk seg heilt ned mot bruhaugen på synfaringa, men det er ikkje registrert sjeldne eller raudlista artar. Lokaliteten er ganske kulturpåverka (bru og gammalt kvernhus), men få inngrep frå nyare tid. Noko uttak av ved.

Skogkanten som omgir fossesprøtsona er dominert av gråor. Skogen har her frodig høgstaudevegetasjon med artar som mjødurt, strutseveng og skogsvinerot. Nærare elva får ein innslag av artar i fosseeng; Fjellskrinneblom, stjernesildre, skjørlok, kildeurt, men her er ikkje særskilt velutvikla fosseengvegetasjon. På stein ved fossen veks vanlige mosar som krokodillemose *Coniocephalum conicum*, *Plagiothecium succulentum* og strøtnemose *Mnium spinosum*. Mosevegetasjonen er her ikkje grundig kartlagd. På steinmuren ved bruhaugen veks nokre av dei vanlegare filtlavane: grynfiltlav *Pannaria conioplea*, stiftfiltlav *Parmeliella triptophylla* og skjellfiltlav *Protopannaria pezizoides*.



Figur 10 Kartfesting av naturtype, Lokalitet 6 "Grøte foss" (t.v.). Kart modifisert med bakgrunn i fylkesatlas.no.

Den lille fossen (t.h.) er godt beskytta av frodig kantvegetasjon og trær som henger over fossen. Fossen såleis har eit godt mikroklima med fossesprøyt som strekker seg ned til bruа.

Trua vegetasjonstypar

Elvemosvegetasjon (EN) P6a

Elvemosvegetasjon, ein sterkt trua vegetasjonstype på Sørlandet og Vestlandet, vart påvist i strekninga frå midtre del av Kuvelda (nedstrøms planlagd kraftstasjon for Tynjadalen kraftverk) og ned til kraftstasjon for Fosseteigen kraftverk. Førekomstane i strekninga var utvikla i ulik grad, men det vart ikkje gjort eit forsøk på grundig kartlegging av artane, då vassføringa var høg under feltarbeid.

Av typiske artar for elvemosesamfunn vart registrert kjølelvemose *Fontinalis antipyretica*, bekketvibladmose *Scapania undulata* og rødmesigdmose *Blindia acuta* i vannstrømmen. Sistnemnte veks dessutan på steinar som er uttørka i korte periodar. Førekomst av elvemosvegetasjon indikerar kalkhaldig vatn. Vegetasjonstypen er sårbar for kraftige reguleringsinngrep og forsvinn dersom vassføringa vert for låg (Fremstad og Moe 2001). Vegetasjonstypen lyt tilleggast mindre vekt så langt inn i Sogn enn nærmere kysten. Lærdal ligg i skiljet mellom påverka og upåverka område, og har hatt liten påverknad av sur nedbør.



Figur 11 Elvemosvegetasjon frå eit parti i midtre del av Kuvelda. Foto: S. Vatne

Fosse-eng (VU) Q4

Fosseeng er en noe trua vegetasjonstype som vart påvist innan naturtypelokalitet 3, "Trollelii-Tynjadalsbotn". Førekomstene var godt utvikla på dei nord vendte, kalkrike bergveggene i nærleiken til det bratte elvestryket. Det vart registrert mange sildreartar, høgstaudevegetasjon, og eit høgt innslag av fjellplanter. Floraen syner og teikn på kalkhaldig substrat. Artar: fjellsyre, stjernesildre, raudsildre, snøsildre, bergfrue, tuesildre, bekkesildre, rosenrot, skjørlok, fjellrapp, fjelltistel, vanlig arve, fjellskrinneblom og aurskrinneblom.

Dunhavreeng (EN) G7b

Dunhavreeng er raudlista som sterkt trua, og vart påvist innan naturtypelokalitet 1, "Holkeperhagen". Enga dominerast av grasarten dunhavre, men er i dårleg tilstand, grunna beite og opphør av slått. Elles finst nokre typiske urter knytt til eng, som gulmaure, rylliik, blåklokke, og raudknapp. Skogstorknebb finst også.

Generelt om vegetasjonen i utgreiingsområdet

Vassdraget ligg i indre delar av Sogn og Fjordane, i overgangen mellom oseanisk og kontinentalt klima. Vegetasjonen generelt har et kontinentalt preg, med overgangar mellom alpine og boreale vegetasjonstypar.

Skog

Skogen langs dei flatare partia av Kuvelda er dominert av gråor, med innslag av bjørk, hegg og selje. I botnsjiktet førekommmer typisk høgstaudevegetasjon som mjødurt *Filpendula ulmaria*, bringebær *Rubus idaeus*, skogsvinerot *Stachys sylvatica*, brennesle *Urtica dioica*, springfrø *Impatiens noli-tangere*, skogstjerneblom *Stellaria nemorum*, stankstorkenebb *Geranium robertianum* og skogburkne *Athyrium filix-femina*, etasjemose *Hylocomium slendens* og tujamose *Thuidium sp.*. Gråorskogane på austsida av elva er gamle med store mengder ståande og liggjande daud ved. Eldre gråorskog førekommår også på vestsida av elva, men er oppdelt av tekniske inngrep og hogst i nyare tid. Kring gammal beitemark og store delar av vestsida av elva har gråorskogen såleis eit gjengroingspreg. Skogområdane inntil elva i dei flatare partia i Tynjadalen er tydeleg flaummarkspåverka, noko som m.a. sikrar god kontinuitet i daud ved. Her er det ein del tørre elveløp som det kan gå vann i i flaumperiodar. Typiske artar på gråor er skrubbenes, barkragg og bleiktjafs. På høgstubar finns ofte skjellnål og på tynne daude gråorkvistar er *Stenocybe pullatula* vanleg.

Langs Kuvelda i Øvredal er det hovudsakeleg glissen, fuktig lågurbjørkeskog, med overgangar til høgstaudeskog med enkelte rogn og selje, og fjellbjørkeskog opp i liene. Noko av den gamle beitemarka er tresatt med einer og spredte bjørketre. Nokre eldre bjørketre heng ut over elva, men utan noko interessant lavflora. Enkelte høgstubar av bjørk, og læger av små dimensjonar vart observert, og det er truleg ingen større verdiar knytt til daud ved i Øvredal.

Bekkekløfter

Kuvelda har nokre plasser danna tydelege bekkekløfter. Bekkekløfta mellom Trollelii og Tynjadalsbotn (Lokalitet 3), samt bekkekløfta i Øvredal (Lokalitet 4) er skild ut som eigne naturtypar (sjå skildringar over).

Nedstrøms for bommen (ved militær anlegget) har elva grave seg ned i berget, og skapt eit heterogent elveløp med større jettegryter, høler, lave bergveggar og små fall. Her vart det observert fosserøyk. Dette partiet var vanskeleg tilgjengeleg under feltarbeid grunna høg vassføring, og mosefloraen vart ikkje undersøkt. Praktlav og eikelav og kort trollskjegg vaks her på stein langs elvekanten.

Flaummark

Mye av gråorskogen langs Kuvelda i dei flatare partia i Tynjadalen kan karakteriserast som flaummark, med sideelvar, dammar og sumpskog (sjå omtale av skog).

Kulturlandskap

Store delar av utgreiingsområdet har tidlegare vore nytta som beite, slåttemark eller til vedhogst. Områda som er i hevd er stølen midt i Tynjadalen, og hagemarkane Fosseteigen og Halabrekka (tidlegare omtalt som utskilde naturtypar). Stølen midt i Tynjadalen berer preg av hardt beite og overgjødsling, med tilhøyrande triviell karplanteflora dominert av krypsoleie, engsyre, brennesle og sølvbunke. På steinane i beitemarka finns derimot ein rik lavflora, der tre raudlisteartar og skorpelav vart påvist på dei meir kalkhaldige steinane. Truleg er det også eit potensiale for interessant moseflora.

Elles er det et svært lågt beitetrykk i Tynjadalen og Øvre dal. Kulturlandskapet langs Kuvelda er såleis prega av gjengroing, og ein del gamle beitemarkar kan no karakteriserast som "sølvbunke"- eller "bringebærengar". Langs nedre halvdel av elva står spredte gamle bjørkestuvar i tett gråorskog, som vitnar om at landskapet tidlegare var meir opent.

Mellan bjørkehagen Fosseteigen og elva går eit relativt opent engparti som under feltarbeid hadde eit rikt insektliv. Enga var mindre prega av gjengroing og opphoping av næringsstoffar. Her fants typiske tørr-engartar som bl.a. perikum, raudknapp, ryllik, blåklokke og gulmaure.

Artsmangfald

Karplanter

Området har ein alminneleg karplanteflora i høve til vegetasjonssone og klima. Gråorskogar, som også dominar dalen, er alminneleg for Lærdal, både i sidedalar, som her og i øvre delar av hovuddalen.

Dalen har innslag av rikare mark, og gråorskogen er stadvis rik med høgstaudevegetasjon og einskilde plassar med forvilla stikkelsbær og rips. For nærmere omtale av ulike skogsformar (flaummarksskog mm), sjå kap. over m. generell omtale av vegetasjonen.

I fosserøyksonen og dessutan i bergveggar og rasmark knytt opp mot område påverka av fukt frå elva finst innslag som tyder på tilgang på kalk. For nærmere omtale sjå lokalitetsskildring for lokalitet 3 og 4.

Eng/beite vegetasjon er utbreidd i dalen, men dei fleste areal med ope eng har byrjande attgroing. Artane er alminnelege for kulturpåverka mark i indre Sogn, sjå elles omtale av naturtypen i kap. med generell omtale av vegetasjonen over.

Lav

Det er ein rik lavflora i Tynjadalen. Det vart under synfaring påvist 8 raudlista lavartar, 5 sårbare (VU) og 3 nær trua (NT).

Praktlav (VU) (Fig.11) og eikelav (NT) vart funne i stort tal innan planområde for "Fosseteigen kraftverk" mellom kote 110 – kote 85. Eikelav er tidlegare funne på Halabrekka (Artsdatabanken 2010). Nedfor vegen mot elva (Halabrekka) vaks både lavane på gamle bjørketre og stein. På sør austsida av elva vaks praktlav og eikelav inntil elva på større steinar i elvekanten saman med m.a.

skrubbenever *Lobaria scrobiculata* og buktporelav *Sticta sylvatica*. Eitt thallli av hodeskoddelav (VU) vart funne på ei gammal selje i gammal bjørkehage, kring 20 m frå elva (32V 0419961 6768644, Lokalitet 2). Forgeves vart nærståande tre grundig undersøkt etter fleire førekommstar. Lenger oppstrøms vart praktlav nok ein gang vart funne på fire gamle gråorstammar i ei klyngje ved elvekanten (32V 0419426 6768098, Lokalitet 1). Praktlav (Krog m. fl. 1994) og hodeskoddelav (Nitare m. fl. 2000) reknast som råmekrevjande artar, og kan vere særleg sårbare for endringar i luftråme. Eikelav veks gjerne der det er høgare luftråme, men er truleg meir varmekjær og tørketolerant.

Ved fossen opp mot Trollelii/Øvredal (Lokalitet 2) vart flatsaltlav (VU) funne fire plassar (steinblokkar og bergvegg). Kort trollskjegg (NT) var her vanleg på større steinar. Flatsaltlav er knytt til høg luftråme i fosserøyksone (Artsdatabanken 2010), og vil truleg verte negativt påverka av redusert vassførsle. Lite er derimot kjend om lavens biologi, og krav til vassføring for å danne tilstrekkelig høg luftråme er derfor vanskeleg å anslå nøyaktig. Ved planlagd påhogg for røyrgate (Tynjadalsbotn 32V 0418675 6764498) vart olivenfiltlav (NT), rimrosettlav (VU) og buktporelav påvist på ein kalkrik, nordvendt bergvegg. Desse artane er alle noko kalkkrevjande.

Brun punktlav (VU) er tidlegare funne på den opne stølsvollen midt i Tynjadalen (Artsdatabanken 2010c) og vart gjenfunne under feltarbeid på ein stor, kalkrik kampestein nær elva (32V 0418789 6766598). Truleg finns den på Stein fleire plassar i beitemarka. Her vaks også praktlav på ein einer som heng utover elva. Brun punktlav er tørketolerant og veks ofte på opne plassar i kulturlandskapet eller ved vassdrag, og er knytt til bergartar med eit visst kalkinnhald.,

Vanleg på større steinar og berg langs heile Kuvelda er kort trollskjegg (NT) (fleire enn 50 funn), ofte saman med randkvistlav *Hypogymnia vittata* og brun koralllav *Sphaerophorus globosus*. Dei største førekommstane av kort trollskjegg finns truleg i rasmarkene på austsida av Tynjadalen. Kort trollskjegg er ein god indikatorart for områder med høg luftråme (Nitare m. fl. 2000).

Lungenever *Lobaria pulmonaria* vart observert på ein bergvegg og ei eldre selje i Tynjadalsbotn. Elles er lungeneversamfunnet middels utvikla langs Kuvelda på Stein og fuktige bergveggar og nokre få rikborkstre (eldre selje og rogn). Vanlege i slike habitat er skrubbenever *L. scrobiculata*, vrengelavar *Nephroma sp.* og åreneleverlavar *Peltigera sp.*, hinnelavar *Leptogium sp.*, stiftfiltlav *Parmeliella triptophylla* og grynfiltlav *Pannaria conoplea*. Desse er alle høvesvis vanlege i Lærdal. Dei eldre gråorskogane langsmed Kuvelda vart grundig gjennomsøkt etter kravfulle artar, men med unntak av praktlav vart berre vanlege artar vart funne: skrubbenever, barkragg *Ramalina farinacea* og bleiktjafs *Evernia prunastri*, samt skjellnål *Chaenotheca trichialis* på ein del høgstubar av gråor. Gullnål *C. fufuracea* vaks ved basis av fleire gamle bjørkestuvar ved elva. I naturtypelokalitet 1 og 2 vart det m.a. registrert skorpelavar innan slektene *Caloplaca*, *Lecidea* og *Acarospora* på kalkrike berg eller steinblokkar.



Figur 12 Frå Halabrekka: Praktlav, ein sårbar lavart, vaks på eldre bjørketre (bildet) og stein mellom vegen og Kuvelda i influensområdet for Fosseteigen kraftverk. Foto: S. Vatne

Mose

Det finst ikkje tidlegare registreringar av mosar i Tynjadalen. Under feltarbeid var det høg vassføring i Kuvelda, som gjorde det noko vanskeleg å undersøke mosefloraen i elva. Det vart likevel tatt ein del prøver av mosar i og ved elva. Mosar som inngår i elvemosevegetasjonen er kjølevemose *Fontinalis antipyretica* i bakevjer og høler, og elles bekketvebladmose *Scapania undulata* og rødmesigmose *Blindia acuta*.

Det mest interessante mosefunnet ved Kuveldavassdraget er jøkelbekkemose *Hygrohypnum polare*. Den vaks på ein mosegrødd daud trestamme nedstrøms planlagd inntaksdam for Fosseteigen kraftverk. Fjellarten har kún 10 registrerte funn dei siste 40 år, og det er det andre funn i Sogn og Fjordane (Artsdatabanken 2010).

Dei store områdane med flaumpåverka gråorskog langs Kuvelda har mykje daud ved i ulike nedbrytningsfasar, og derfor vart det samla ein del mosar herifrå. På daud ved i elvekant i nedre del av Kuvelda vaks sumpfagermose *Plagiomnium ellipticum*. Mosen er noko kalkrevjande og ein svak signalart i sumpskog. Av mosar som vaks på røten ved i sumpskog eller i vannkant var vanlige artar som fjærkransmose *Rhytidadelphus subpinnatus*, stubbefauskmose *Herzogiella seligeri*, *Plagiothecium curvifolium*, matteflette *Hypnum cupressiforme*, rødstilkflette *H. imponens* (relativt sjeldsynt på vestlandet), *Lophocolea bidentata*, bekkerundmose *Rhizomnium punctatum*, lilundmose *Brachythecium salebrosum* og tungeblomstermose *Schistidium agazzizi*.

På løvtre med rik bark (rogn og selje) i Tynjadalsbotn fants bl.a. planskortemose *Cynodontium jenerii*, krusfellmose *Neckera crispa*, og ryemose *Antitrichia curtipendula*. Dei to sistnemnte er gode signalartar i bekkeklofter. På berg og stein nær bekken kan nemnast artar som puteplanmose *Districhium cappilaceum* (kalkkrevjande), svanenikke *Pohlia elongata*, grannkildemose *Philonotis tomentella* og stråmose *Anomobryum julaceum*. Svøpsigdmose *Blindia caespitica*, ein fjellart vart vaks på Stein ved elva ned frå Trollelii.

Sopp

I samband med kartlegging av Halabrekka, fant Jordal og Gaarder (1995) ein del beitemarkssopp, blant anna semska raudskivesopp *Entoloma jubatum* (NT). Dei nemnar også funn av ein jordtunge (ubestemt) i open eng nord for Fosseteigen, men elles ingen interessante artar. Ettersom beitemarkene innover i dalen anten er gjødsla eller i dårleg hevd, er det truleg lite potensiale for interessante artar.

Terrestre insekt

Det er ingen tidlegare registreringar av insekt frå Tynjadalen. Frå Lærdal er det registrert 7 raudlista sommarfuglartar i kategoriane sterkt trua (EN) og sårbare (VU) (Artsdatabanken 2010). Nokre av dei gamle beite- og slåttemarkene i Tynjadalen har truleg eit potensiale for interessante insektartar. Under feltarbeid i juli 2010 vart det observert eit rik insektliv på ein open, blomerik kulturmark ved Kuvelda (Lokalitet 1).

Det er eit potensiale for interessante vedboande insekt i eldre gråorskog langsmed Kuvelta. Særleg på austsida av elva finns større samanhengjande strekningar av gammal gråorskog. Skogane nær elva verker ofte sterkt flompåverka, noko som gjer at det er god kontinuitet i daud ved. Borehol og andre spor etter insekt var vanlege å sjå i desse partia

Fugl og pattedyr

Fugl og pattedyrfaunaen er typisk for regionen og naturtypen. Under feltarbeid vart det observert fossekall *Cinclus cinclus* i fossestryket ned frå Trollelii (Lokalitet 3), som ser ut til å vere ein god hekkeplass. Einar Trulssen, som har jobba i Tynjadalen i 24 år, forteljar at fossekall er vanleg også i nedre delar av elva. I Artskart finns registreringar av overflygande kongeørn *Aquila chrysaetos* (NT) frå 2008 og 2010 (Artsdatabanken 2010), men det er uvisst om kongeørn hekkar i Tynjadalen. Trulssen forteljar også om observasjonar av tårnfalk *Falco tinnunculus* frå stølsvollen midt i Tynjadalen og vintererle *Motacilla cinerea* i området Stampen. Vintererle er, lik fossekall, ein art som er direkte knytt til vassdrag, helst med stryk og fossar. Arten er sjeldsynt på vestlandet. Det er ikkje registrert spettefuglar i området. Under feltarbeid observerte me nokre få beitespor i daud ved, men ingen hakkespetthol. Parti med eldre gråorskog kan vere eit viktig beiteområde for spettefuglar.

Det er ein del hjort *Cervus elaphus* som held til i Tynjadalen. Me observerte både hjort og ein del spor under feltarbeid. Ved stølen i Øvredal (ved planlagd dam) er fleire gjørmehølar som hjorten nyttar. I Artskart ligg det observasjonar av rødrev *Vulpes vulpes* og mink *Mustela vison* i Tynjadalen, og ved Grøte (munningen av Tynjadalen) er det observert rådyr *Capreolus capreolus* (Artsobservasjoner 2010). Fjellområdet kring Tynjadalen er beite- og yngelområde for villrein *Rangifer tarandus* (Naturbase 2010).

4.5 Akvatisk miljø

Fisk og ferskvannsorganismer

I fylgje ein lokalkjent (Per Tønjum pers. medd.) er det bekkeaur i Kuvelda, og han forteljar at fisket var endå betre før flomsikringstiltaka i elva. Elva er lakseførande i nedste del (Brabrand m. fl. 2005), og går truleg ikkje lenger opp enn til den lille fossen ved Grøte (Per Øvrevoll pers. medd). Ål (CR) er i nyare tid registrert i Lærdalselva (Artskart 2010). Det er kjend at ålen kan forsere høge hindre, slik som fossen ved Grøte, og det er såleis ikkje umogleg for at ål kan leve i Kuvelda.

Prøvefiske ikkje vart utført under feltarbeidet, men det er trong til tilleggsundersøkingar for å kunne avgjere konsekvensane for fisk ved ein eventuell utbygging av kraftverk i Kuvelda.


4.6 Konklusjon samla verdi

Figur 13 Figur 1 Kart over område med naturverdi

Dei påviste verdiane er:

- Fem viktige naturtypar med verdi B: kulturlandskap (2), bekkekløfter (2), og eldre lauvskog (1), og tre lokalt viktige naturtypar med verdi C: kulturlandskap (1), fossesprøytsone (1) og viktig bekkedrag (1)
- Førekommstar 11 raudliseartar. Av desse er 5 sårbare (alle lavar) og 6 nær trua (lavar og ein beitemarkssopp)
- Trua vegetasjonstypar: Elvemosevegetasjon (EN), dunhavreeng (EN) og fosse-eng (VU)

Samla vert influensområdet for dei to planlagde småkraftverka i Kuveldavassdraget vurdert å ha middels verdi.



5 Verknader av tiltaket

5.1 Omfang og konsekvens

5.1.1 Tynjadalen kraftwerk

Inngrepsstatus

Sjølvé elvestrengen er ikkje påverka av tekniske inngrep, med unntak av ein gammal gangbru over elva ved Trollelii. Det går ein smal traktorveg frå Tynjadalsbotn til Øvredal. Skogen vert beita av sau. Tipplassen (steinuttak frå Lærdalstunnellen) ligg i eit kort strekk nær elvestrengen. Det går anleggsveg inn til tipplassen, og frå den går ein smal grusveg nesten fram til der kraftstasjonen er planlagt.

Verdi


Bekkekløfta nedanfor stølsvollen i Øvredal (Lokalitet 4) har kalkrike vertikale berg med ein rik skorpelavflora. Kort trollskjegg (NT) vart påvist på steinar på både sider av elva og det er eit potensiale for interessante kalkkrevjande artar på bergveggane. Verdien er sett til viktig (B).

Bekkekløfta ned frå Trollelii og bergveggane innarst i Tynjadalsbotn (Lokalitet 3) er registrert som viktig naturtype (verdi B). I bekkekløfta finns gode populasjonar av dei råmekrevjande lavane flatsaltlav (VU) og kort trollskjegg (NT). På bergveggen ved planlagd påhogg vaks olivenfiltlav (NT) og rimrosettlav (VU), samt ein rekke kalkkrevjande mosar og plantar. Den raudlista vegetasjonstypen fosseeng forekom på desse bergveggane.

Gråorskogen kring planlagt kraftstasjon i Tynjadalsbotn har ein triviell vegetasjon, men noko daud ved og beitespor etter hakkespettar vart observert. I området er det fleire tørre elveløp der det går vatn i flaumperiodar.

Nedstrøms planlagt kraftstasjon er elvestrengen registrert som eigen naturtype med verdi C (Lokalitet 5). Her finns strekningar med ein sterkt trua vegetasjonstype: elvemosevegetasjon (EN).

Den samla verdien for biologisk mangfald innan influensområdet for Tynjadalen kraftverk del vert ut frå dette vurdert til middels verdi.



Omfang og konsekvens

Bygging av Tynjadalen kraftverk vil påverke to viktige naturtypar, og redusere deira verdi. Overføring av elva til tunnel og vidare i røyr reduserer luftråma i to viktige bekkekløfter (Lokalitet 3 og 4).

Dei fysiske inngrepa ved dam i Øvredal omfattar kun dei permanente installasjonane, og rørar ikkje påviste verdiar direkte. Helikopter vil vorte nytta i anleggsfasen, og det er ikkje naudsynt å bygge anleggsvegar i Øvredal. Elva nedanfor dammen vil i periodar berre ha minstevassføring, og førekostane av kort trollskjegg (NT) i Lokalitet 4 og ved brua over elva vil i nokon grad verte negativt påverka p.g.a. redusert luftråme. Kort trollskjegg er vanleg i heile dalføret, og populasjonen som heilskap vil ikkje verte særleg redusert om dette førar til at desse førekostane forsvinner (liten-middels negativ konsekvens).

Bekkekløfta frå Trollelii ned mot Tynjadalsbotn (Lokalitet 3) ligg nedanfor inntaket og vil i periodar berra ha minstevassføring. Det førar med seg redusert luftråme og at fosserøyk forsvinner i lengre periodar. Flatsaltlav (VU) er særskilt sårbar for slike vassdragsendringar (Artsdatabanken 2010), og førekostane forventast å bli sterkt negativt påverka.

Det er planlagd tunnelpåhogg i bergveggen i Tynjadalsbotn. Inngrep i den kalkrike bergveggsfloraen kan føre til at førekommstar av påviste raudlista lavartar (VU og NT) blir fjerna. Det er eit potensiale for at lavane finns fleire plassar langs bergveggen, og artane signaliserar eit potensiale for meir krevjande artar. Inngrep i bergveggen forventast å ha stor negativ konsekvens. Revegtering i samband med røyrgate vurderast å vere noe positivt, men av liten betydning for viktige naturverdiar.

Bekkekløfta (Lokalitet 3) vil verte mindre attraktiv for fossekall som hekkeplass. Fossekall er ikkje ein trua art, og førekjem også i midtre og nedre delar av elva. Populasjonen vil såleis verte påverka i lite til middels negativt omfang.

Røyrgate frå tunnelpåhogg ved bergveggen i Tynjadalen ned til planlagt kraftverk er planlagd grave ned i steinmassar (steinur) og deretter under eksisterande veg. Det er ikkje registrert viktige biologiske verdiar i traseen for planlagd røyrgate. Kraftstasjonen er planlagd ved elveløpet like ved eksisterande veg. Inngrepa vil få liten negativt konsekvens grunna inngrep i sideelvar, samt svak reduksjon av føringssområde for spettefuglar.

Jordkabel er planlagt lagt gjennom stølsvollen i Tynjadalen, rett ved sidan av vegen. Dette vil kunne negativt påverke nokre av førekommstane av brun punktlav (VU), ettersom den finns spreidd på Stein i beitemarka. Totalt vil truleg populasjonen ikkje bli særleg redusert, og konsekvensen vurderast til å vere liten.

Inntaksdammen har liten magasineringskapasitet og ein begrensa slukeevne. Endringane i flaumregime, vasstemperatur og vassføring nedstrøms kraftverket vurderast som små. Det er ikkje påvist raudlisteartar i elvestrengen nedanfor kraftstasjonen. Truleg har liten/ubetydeleg konsekvens for elvemosevegetasjonen (Lokalitet 5), fisk og flaumpåvirka gråorskog.

Omfang				
Stort neg.	Middels neg.	Lite / intet	Middels pos.	Stort pos.
----- ----- ----- ----- -----	▲			

Omfangen av inngrepa vert ut frå ovanforståande skildring vurdert å være middels – stort. Dette gjer at tiltaket vil få ein **middels negativ konsekvens** (- - / - - -) for biologisk mangfald. Med avbøtande tiltak (mindre skadeomfang av inngrepet) vil konsekvensen kunne reduserast til liten-middels negativ konsekvens (- / - -).

Avbøtande tiltak

For råmekrevjande lav vil ein høg minstevassføring (høg nok til å skape godt utvikla fosserøyk) truleg kunne redusere dei negative effektane av redusert vassførsle. De er uvisse om minstevassføring tilsvarende 5-persentilen for nedbørsrike år vil vere godt nok for overleving av flatsaltlav over lengre tid. Det er mogleg at år med låg nedbørsmengde er den nedste tålegrensa for krevjande artar som flatsaltlav. Artens biologi er lite kjend, og krav til minstevassføring, luftråme og fosserøyk i eit slikt tiltak er derfor vanskeleg å anslå.

Verdifull bergveggsflora i Tynjadalsbotn (lokalitet 3) vil ikkje rørast om påhogget flyttast ned til bergveggen som no er dekka av lause steinmassar.

Planlagd dam lyt (som planlagt) byggjast oppstrøms for registrert bekkekløft (Lokalitet 4) for å ikkje direkte røre bergveggar og sig påverka vegetasjon og ein nær trua lavart.

Jordkabel lyt leggjast nærmast mogleg eksisterande veg gjennom stølen i Tynjadalen.
Revegtering: Eventuelle steinar med påvekst av lav og mose som er i vegen for grøfta bør flyttast, men ikkje gravast ned.

Fosseteigen kraftwerk

Inngrepstatus

Kuvelda (elvestrengen) i nedre del er noko rørt av tekniske inngrep: ved militæraneinlegget er det eit kort strekk med oppmura stein, og bru ved Grøte har eit gammalt oppmura steinfundament, samt ein gammal vatningsveite som framleis førar noko vatn ned mot Øvrevoll. Nedfor bru ved Grøte er elva sterkt påverka av flaumsikring. Elles vert området beita og elva vert kryssa av ein høgspent. Frå Øvrevoll går vegen oppover i Tynjadalen på nordvestsida av elva.

Som elles i Tynjadalen, må store delar av influensområdet for Fosseteigen kraftwerk reknast som kulturpåverka. Både Fosseteigen og Halabrekka vert skjøtta og beita, og det er noko uttak av tre til ved.

Verdi

Innan influensområdet, i sjølve elvestrengen og på både siar av elva er følgjande biologiske verdiar påvist: tre naturtypar med verdi B, tre naturtypar med verdi C, to trua vegetasjonstypar (EN) og fire raudlista lavartar (to av dei sårbare-VU).

På Halabrekka (B-verdi) er det registrert eit stort mangfald av beitemarkssoppar, men berre ein av desse er raudlista som nær trua. Ein sårbart og to nær trua lavartar vart registrert mellom vegen og elva. Populasjonane av praktlav og eikelav var store, og er spesielt verdifulle som spreingskjelder. Fosseteigen (B-verdi) har eit mangfald av karplantar. Eikelav veks her på gamle bjørketre.

I Gamlestøl (Lokalitet 2, B-verdi) vaks hodeskoddelav på ei selje, og det er potensiale for fleire førekommstar i den eldre gråorskogen. Hodeskoddelav er raudlista som sårbart, og veks i område med høg, stabil luftråme, ofte nære vassdrag. Laven signaliserar høge naturverdiar. Førekommsten er lokalisert omkring 20 m frå elva, nedstrøms planlagd inntak/dam.


Den sterkt trua elvemosevegetasjonen (EN) er påvist innan Lokalitet 5, og delar av denne ligg mellom inntaksdam og kraftstasjon. Verdiene er foreløpig satt til C, ettersom elvemosevegetasjonen ikke ser ut til å vere trua av sur nedbør.

Dunhavreenga Holkeperhagen (Lokalitet 1), er vurdert til C-verdi. Vegetasjonstypen dunhavreeng er raudlista som sterkt trua (EN), men ingen rødlisterarter er påvist, og enga ser ut til å vere i dårleg hevd (giengroing og beiting).

Ovafor bru ved Grøte er ein fossesprøtsone påvist med verdi C (Lokalitet 6). Ingen rødlisterarter vart påvist, men nokre råmekrevjande lavar på brufundamentet signaliserer eit potensiale for meir krevjande artar.

Det skal også nemnast at den svært sjeldsynte (men ikkje raudlista) mosen jøkulbekkemose veks i elvekanten eit stykke nedanfor inntaksdammen. Artens biologi er dårleg kjend, og det er uvisst om redusert vassføring vil påverke mosearten.

Den totale verdien for biologisk mangfold i undersøkingsområdet vert ut frå dette vurdert som middels.



Omfang og konsekvens

Av naturtypelokalitetene er det berre Kuvelda (C) som vil bli fysisk rørt av planlagde tiltak. Tiltaka inneberar inntaksdam, overføring av elva til røyr og kryssing av elva med røyrgate. På grunn av redusert vassføring og periodar med berre mistevassføring forventast råmekrevjande vegetasjon å bli negativt påverka innan naturtypelokalitetene Grøte foss (C), Halabrekka og Gamlestøl (begge verdi B). Fosseteigen (B) og Holkeperhagen (C) ikkje ser ut til å bli påverka av planlagde tiltak.

Elva mellom inntaksdam og kraftstasjon vil i periodar berre få minstevassføring, og dermed vil større delar av elvelaupet vere tørt i lengre periodar enn vanleg. Konsekvensen av dette vil vere at elvemosevegetasjonen kan forsvinne i store deler og elva blir dårlegare som leveområde for fisk. Dammen i seg sjølv vil truleg ikkje røre viktige naturverdiar. Verdiane i naturtypelokaliteten Kuvelda (C-verdi) vil derfor bli middels-sterkt negativt påverka av inngrepa.

Med redusert vassførsle forventast ein dårlegare utvikla fossesprøytsone ved Grøte foss. Ingen spesielt sjeldsynte sjeldsynte eller råmekrevjande artar blei registrert, men artane indikerar eit potensiale for meir krevjande artar i fossesprøytsona. Lokaliteten (C-verdi) mistar sin verdi som fossesprøytsone, og konsekvensen vurderast til middels negativ.

Det er forventa at skogsområda og kantvegetasjonen mellom dam og kraftstasjon vil få lågare luftråme om vassføringa reduserast. Nedstrøms inntaksdammen, omkring 30 m inn i skogen vaks hodeskoddelav på ei selje (Lokalitet 1). Laven krevjar høg, stabil luftråme, og er sårbar for uttørking og endringer i lokaliklima (Nitare m. fl. 2000). Høg luftråme i lokaliteten er betinga av vassføringa i elva, skogtettheten og i nokon grad eksponeringa av lokaliteten (NV-vendt). Elva gjev det største bidraget til å halde luftråma oppe i tørre periodar. Med redusert vassføring forventast det at luftråma blir lågare, men lokaliteten vil framleis få tilført ein del luftråme frå elvestrengen ovanfor inntaksdammen. Med fare for forringing av levekåra for hodeskoddelav, og eventuell tap av førekomensten vurderast konsekvensen å bli middels-stor negativ.

Praktlav (VU) og kort trollskjegg (NT) vaks langs både sider av elvekanten. Dei krevjar høg luftråme, men er noko mindre krevjande enn hodeskoddelav. Delar av førekomstane forventast å forsvinne over tid p.g.a. lågare luftråme om vassføringa blir lågare.

Konsekvensen vurderast til middels negativt. Eikelav (NT) og beitemarkssopp på Halabrekka vil truleg ikkje bli påverka av tiltaka.

Planlagd røyrgate og nedgravd linje går først langs vegen på NV-sida av elva, krysser elva eit stykke nedanfor, og går derfra på SØ-sida ned til kraftstasjon gjennom dels tidligare beite/slåttemark (giengrodd/dårleg hevd) og dels sumpskog. Røyrgata i seg sjølv vil truleg ikkje røre viktige naturverdiar, og revegetering vil over tid bøte på skadane. Vurderast å ha ingen/ubetydeleg konsekvens.

Omfang				
Stort neg.	Middels neg.	Lite / intet	Middels pos.	Stort pos.
----- ----- ----- ----- -----	▲			

Omfanget av inngrepa vert ut frå ovanforståande skildring vurdert til middels. Tiltaket vil dermed få ein **middels negativ konsekvens** (- -) for biologisk mangfald. Med avbøtande tiltak (sjå nedanfor) vil konsekvensen kunne bli liten til middels negativ konsekvens (- / - -).

Avbøtande tiltak

Moglege avbøtande tiltak er at minstevassføringa aukast, til eit tilstrekkeleg høgt nivå med omsyn til elvemosevegetasjon, og artar i fossesprøytonar, elvekanten og skog som krevjar høg, stabil luftråme. Eksakte tal på tilstrekkeleg minstevassføring er vanskeleg å gi, då biologien til artane er dårleg kjend. Reduserast vassføringa, vil dette i alle tilfeller få negative konsekvensar.

Røyrgata lyt ikkje leggjast mellom vegen og elva i det øvste partiet. Det beste er å grave den ned under eller på sida av eksisterande veg der vegetasjonen allereie er forstyrra.

6 Avbøtande tiltak

Det er føreslege avbøtande tiltak for dei einskilde utbyggingsplanane i kapittel 5.1.

7 Uvisse

Sannsynlegvis er ein god del av dei interessante karplantane og lavane fanga opp i rapporten, men det er truleg stort potensiale for å auke kunnskapen om mosar, særleg i vanskeleg tilgjengelege område. Det er imidlertid uvisse innan førekomstar av sopp, virvellause dyr (terrestre og akvatiske) og fisk.

Elvestrekninga er relativt lang, men det er gjennomført tre synfaringar, og influensområdet er godt dekkja. Det vart føreslege ein ny permanent veg (over eit jorde) til kraftstasjonen for Fosseteigen i etterkant av feltarbeidet. Den vurderast å ikkje berøre viktige naturverdiar og strekninga er derfor ikkje undersøkt.

